



BORE KYRKJE

SETT - FAMNA - UTFORDRA

Møteprotokoll

Råd: Bore sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: 27.01.2021
Tid: kl. 19:30

Følgjande møtte:

Elin Anita Garpestad
Elisabet Haarr
Ivan Fjeld
Jens Kåre Bore Stokka
Jonas Meling Berge
Marita Midtun Finstad
Nicolai Homme
Torunn Renate Bore
Elisabeth Kvamsøe Jørgensen

Rolle

Andre – møtte digitalt
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Leiar
Nestleiar
Vara

Bore, 28.01.2021

Nicolai Homme
soknerådsleiar

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

21/001	Godkjenning av innkalling
21/002	Godkjenning av referat
21/003	Samtale om arbeidet - januar 2021
21/004	Informasjon frå og til fellesrådet - januar 2021
21/005	Høyringsvar
21/006	Orienteringar - januar 2021

21/001 Godkjenning av innkalling

Forslag til vedtak:
Innkalling blir godkjent.

BS - 21/001 Vedtak:
Innkalling godkjent.

21/002 Godkjenning av referat

Forslag til vedtak:

BS - 21/002 Vedtak:
Referat fra forrige møte godkjent.

21/003 Samtale om arbeidet - januar 2021

Forslag til vedtak:
Soknerådet vil gjennomføre dei tiltaka som let seg gjera i tråd med nasjonale retningslinjer.

Alle kan me ta ein tlf. til andre i soknet. Det er godt å bry seg i slike tider, både for oss sjølv og dei me møter. Kjekt om kan få til eit utearrangement for å samla kyrkjelyden.
Soknerådet stiller på kort varsel.

BS - 21/003 Vedtak:
Soknerådet vil gjennomføre dei tiltaka som let seg gjera i tråd med nasjonale retningslinjer.

21/004 Informasjon frå og til fellesrådet - januar 2021

Forslag til vedtak:
Soknerådet tek saka til orientering.

BS - 21/004 Vedtak:
Soknerådet tek saka til orientering.

21/005 Høyringsssvar

Forslag til vedtak:

Bore sokn vedtek høyringsssvar i tråd med saksutgreiinga ovanfor.

BS - 21/005 Vedtak:

Bore sokn gir følgjande svar på høyringsutkast om nye retningslinjer for støtte til kultur i Klepp kommune:

Svar på høyringsutkast vedr. nye retningslinjer for støtte til kultur.

Vi har motteke høyringsutkast vedr. nye «retningslinjer for støtte til kultur». Soknerådet i Bore har i møte den 27.januar 2021 handsama høyringsutkastet. Punkt.2.2.2 bokstav f i forslaget lyder slik:

«Forslag 1 Organisasjonen må rekna alle medlemmer/deltakarar som likeverdige når det gjeld å kunne veljast til styre, tillitsverv og posisjonar, uavhengig av samlivsform, seksuell orientering, kjønn eller etnisitet.	Forslag 2 Punkt 1 utgår/blir ikkje tatt med i retningslinjene.»
--	--

Soknerådet si vurdering:

Retten til «**fri religionsutøving**» (grunnlovas § 16) og retten til å seia si meining er nokre av kjenneteikna på eit slitesterkt demokrati. Menneske har tru og meningar som andre verken likar eller er samde i. Men i eit demokrati så toler me dette, me toler å vera usamde og ikkje ha same syn på alt. Me straffar ikkje dei me er usamde med, verken økonomisk eller på annan måte.

Ei kristen tru, eller tru som er botna i andre religionar, er ei personleg overtøying og retten til å utøva den er altså verna av grunnlova (jfr sitat ovanfor).

Det har, med verknad frå 1.januar 2021 kome ei ny «Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)». Når denne lova vart lagt fram vart ho presentert slik (kjelde: Regjeringen.no)

Jeg ønsker å skape trygghet og stolthet om at religion har en naturlig plass i samfunnet vårt – og fortsatt skal ha det. Det livssynsåpne samfunnet blir nå tydelig forankret. Religion skal ha en naturlig plass i det offentlige rom. Vi viser at vi vil ha et livssynsåpent, ikke livssynsnøytralt samfunn, sier Kjell Ingolf Ropstad (KrF), statsråd for tros- og livssynssamfunn.

Dersom «forslag 1» vert vedteke av Klepp kommunestyre så vil dette verta oppfatta som ei økonomisk straff for å ha lovlege meningar og tru som går på tvers av det fleirtalet i Klepp kommunestyre har. Soknerådet er redd for at dette vil føre til at dei lag og organisasjonar dette gjeld vil kjenne seg «skuva vekk» og ikkje anerkjente av Klepp kommune. Dette kan neppe ha vore meininga når Klepp kommune nyleg vedtok visjonen «Med blikk for alle».

Retten til «fri religionsutøving» må me verne om, og ikkje straffe.

Eit einstemmig sokneråd i Bore vil derfor sterkt oppmode Klepp kommunestyre til å velje «Forslag 2»

Høyringsforslaget 2.2.2 punkt g «Registrering i Brønnøysundregisteret» lyder slik.

Lag og organisasjonar som skal motta tilskot til drift eller nyanlegg må:

- vera registrert i Brønnøysundregisteret som frivillig organisasjon
- ha eigen organisasjonskonto.

Vi er usikre på korleis vi skal forstå denne teksten. Er det meint at laget/organisasjonen både skal registrera seg i Enhetsregisteret (som gjev organisasjonsnummer) og i tillegg i Frivillighetsregisteret? Er «organisasjonskonto» det same som bankkonto?.

Bore sokneråd meiner at det er rett at laget eller organisasjonen skal vera registrert i Enhetsregisteret. Så vidt vi veit, er det og nødvendig for å kunne opprette bankkonto. ***Vi meiner det er fullgodt at laget/organisasjonen sjølv, altså den som søker kommunal støtte, er registrert, eller at dei er tilslutta eit lag eller organisasjon som er registrert i Enhetsregisteret. Soknerådet meiner at det ikkje skal vera krav om at laget i tillegg er registrera i Frivillighetsregisteret***

21/006 Orienteringar - januar 2021

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.

BS - 21/006 Vedtak:

Soknerådet tek saka til orientering.